

gnr./bnr.129/4, i Kvinnherad Kommune

Kommentar til utført tilsyn og vurdering av berande konstruksjonar i driftsbygning.

Utgangspunktet er ein vurdering knytt til SAK 10 forskrifta §3-2 a) som bestemmer at oppføring, plassering, vesentleg endring, vesentleg reoperasjon, riving eller varig tidsbestemt bruksendring av driftsbygning inntil 1000 kvm bra er søknadspliktig etter PBL.

Vi skal då basert på dokument frå gjennomført tilsyn vurdere om utført arbeid på driftsbygningen skulle være byggesøkt.

Bergen kommune har etter bestilling frå Kvinnherad kommune utført tilsyn i saka, men dette tilsynet har bare vært utvendig. Tilsyn utført av Bergen kommune har såleis liten verdi når det gjeld å vurdere alle punkta knytt til kravet i §3-2a sidan dei ikkje har synfart bygget innvendig.

Vår vurdering går på om utført arbeid er å sjå på som å ikkje vere i samsvar med §3-2a.

Etter det vi får opplyst er det mellom anna utfør følgjande arbeider på bygget.

- **Gyllebasseng.** Nytt gyllebasseng i kjellar som og skal ta mot husdyrgjødsel frå dyrehald i påbygg.
- **Forbrett.** Nytt tosidig forbrett sentralt og i lengderetning av bygg
- **Vegger i bygg.** Rundt heile bygget er det montert nye vertikale stenderar som i eit moderne fagverksbygg.
- **Nytt bjelkelag mellom 2. og 3. etg.** Det er montert nye limtredragarar på tvers av bygget med avstand ca. 2,0 m. Oppå limtredragarane er det montert lagergolv for nytt lager i 3. etg.
- **Ny takkonstruksjon.** Takkonstruksjonen er heilt ny med nye sperr, sutak og nytt ståltak.

Våre kommentarar knytt til om utførte punkt gir avvik i forhold til §3-2a:

1. Om gyllebasseng. Dette er ein betongkonstruksjon der både gulv og vegger er berande konstruksjonar. Etter det vi har fått opplyst så er dette ein ny konstruksjon (ikkje ein utbedring eller repparasjon). Her skal det og dokumenterast at denne er / blir tett slik at det ikkje er fare for forureining. Slik vi har forstått dete r dette ikkje gjort. Vegger i bassenget fungerer og som opplegg/ bæring for golv der husdyr ferdast og for vegger. Etter vår vurdering er sikkerheita i denne konstruksjonen svært viktig og kritisk for resten av bygget. Dette er heilt klart ein ny bærande konstruksjon og ikkje ein eldre konstruksjon som er reparert / utbeta
2. Om forbrettet. Forbrettet er støypt i armert betong og er opplagra på veggene til gyllebassenget. Forbrettet fungerer og som opplegg/ bæring for husdyrgolv for dyrehaldet. Etter vår vurdering er sikkerheita i denne konstruksjonen svært viktig og kritisk for resten av

bygget. Dette er heilt klart ein ny bærnde konstruksjon og ikkje ein eldre konstruksjon som er reparert / utbetra

3. Om nye vegger i bygget. Her ser det ut til at eksisterande stenderverk er bytta ut med nytt stenderverk med asfaltplater og ytterkledning. Nye vindu, dører og port. Stendarane fungerer både som avstiving av bygg og som bæring for ovanforliggjande laster. Her er vi noko meir i tvil om dette er eit avvik frå §3.2a. Endringane må og sjåast på i lys av nye byggjeteknikkar. Dette kan vurderast som ein utbetring av tidlegare konstruksjon.
4. Om nytt bjelkelag mellom 2. og 3. etg. Det er montert nye limtredragarar på tvers av bygget med avstand ca. 2,0 m. Oppå limtredragarane er det montert lagergolv for nytt lager i 3. etg. Dersom ein her har etablert nytt golv som skal tåla større laster enn tidlegare golv så ser vi på dette som ein ny konstruksjon og dermed eit avvik få §3-2a
5. Om ny takkonstruksjon. Her viser vi til Bergen Kommune sitt tilsyn der dei konkluderer med at dette tiltaket utløyser søknadsplikt.

Etter vår vurdering er punkt 1 og 2 heilt klart nye konstruksjonar der ein skal søkje og der ein må ha opplyst om ansvarsrettar for prosjektering og utførelse. Punkt 2 og 3 er og etter vår meining nye konstruksjonar dersom desse samla er styrka for å bere nytt golv som får større laster enn før. Punkt 4 har Bergen Kommune dokumentert er avvik og skulle være byggjemeldt.



André Bjørndal